



Sogn og Fjordane Skikrins

Pb. 221

6801 Førde

Besøksadresse: Firdav. 6, 6800 Førde

T: (+47) 926 01 421/ 928 57 084

F: (+47) 57 76 12 19

Org.nr. 980 388 794

skikrinsen.no

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
v/ fylkesordfører  
v/ fylkesrådmann

Førde, 19.03.2014

## Søknad om støtte til Ski-tinget 2014

Viser til tidlegare søknad frå Sogn og Fjordane Skikrins om støtte til Ski-tinget 2014, samt avslag frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Her følgjer ein ny søknad, der ein m.a. presiserar gjennomføring og finansiering av «mini-seminar» og samarbeid med næringsavdelinga v/ direktør Jan Heggheim.

**Sogn og Fjordane Skikrins er vertskap for Norges Skiforbund sitt Ski-ting i 2014. Ski-tinget m/ fagmøte vert avvikla i Loen v/ Hotel Alexandra i perioden 11.-15. juni.**

**I samband med Sogn og Fjordane Skikrins si rolle som vertskap søkjer ein om kr. 20 000,- i økonomisk støtte frå fylkeskommunen.**

Her er ei kort skildring av opplegget:

### **Onsdag 11. juni**

Føremiddag:

Opning av det nye plashoppbanlegget i Bjørkelibakkane v/Skipresident Erik Røste.

Her ynskjer vi at kulturutvalet blir representert.

Ettermiddag:

«Mini-seminar» v/ Hotel Alexandra (skianlegg – reiseliv – felles interesse) Her har vi avtale med fylkesdirektør Jan Heggheim om opplegget og også finansiering.

Ein presiserar at dette seminaret vert gjennomført som eit eige opplegg. Seminaret har ikkje noko med Ski-tinget å gjere, bortsett frå at ein har større moglegheiter til å bruke ressurspersonar frå Norges Skiforbund i gjennomføringa.

Kveld:

Middag v/ Ullsheim Skisenter for skistyret og tilsette i Norges Skiforbund.



**Torsdag 12. juni**

Møtedag.

**Fredag 13. juni**

Møtedag.

Fredag kveld:

Sogn og Fjordane Skikrins er vertskap for grillkveld med «heile» ski-Norge (ca 200 gjester), og her har vi planlagt bruk av kulturkrefter frå Sogn og Fjordane.

Vidare er vi opptekne av å presentere det regionale næringslivet. Difor arbeider vi no med eitt opplegg der ein skal presentere Stryn som konfeksjonskommune. Og det er duka for eit samarbeid med Skogstad Sport, Moods of Norway og Ricco Vero denne kvelden.

Elles skal kvelden ha fokus på Sogn og Fjordane.

**Laurdag 14. juni/ søndag 15. juni**

Når det gjeld sjølve tinget laurdag/søndag er det Skiforbundet sitt ansvar, men vi har ansvaret for å finne kulturinnslaga under tingmiddagen laurdag, dette blir sjølvstgt kulturinnslag av lokal og regional karakter.

Til slutt kan vi legge til at skiforbundet inviterar fylkeskommunen v/ fylkesordførar til tingmiddagen, og at vi elles legg vinn på å marknadsføre trivselsfylket gjennom denne tilskipinga, og vonar å få fylkeskommunen med på laget.

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)

Leiar

Yngve Thorsen (s)

Adm. sjef